

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
076/21	Formannskapet	PS	03.06.2021
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Monika Kvamme	FE-614, FA-H12	21/590

Behov for å få utarbeida tilstandsrapport på Nordliheimen

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek at det kan starta eit arbeid med å lyse ut anbod på å få ein tilstandsrapport på Nordliheimen.

Kostnadsramme vert sett til inntil kr 400 00,-. Inndekning vert gjort i kommunedirektøren si budsjettjustering hausten 2021.

Formannskapet - 076/21 - 03.06.2021

FS - behandling:

Kommunalsjef helse og omsorg Monika Kvamme orienterte om saka.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at ein må sjå på meir enn berre veggjar og tak, men oppgraderingar også elles for å gjera bygget tenleg. Her svara Monika Kvamme at det gjeld også fiber og velferdsteknologi.

Morten Sognes (H) ba om at tilstandsrapporten er differensiert slik at ein ser bygg for bygg.

Handsaming i formannskapet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FS vedtak:

Kommunestyret vedtek at det kan starta eit arbeid med å lyse ut anbod på å få ein tilstandsrapport på Nordliheimen.

Kostnadsramme vert sett til inntil kr 400 00,-. Inndekning vert gjort i kommunedirektøren si budsjettjustering hausten 2021.

Saksopplysninger:

Nordliheimen er bygd over fleire tiår. Første byggetrinn var i 1964-65. Seinare har pleieavdelinga kome til , ca. i 1989 og tilslutt vart Nordlia (demantavdelinga) bygd i 1999. Den avdelinga stod tom i

eit år før ein tok avdelinga i bruk av mangel på ressursar.

I dag er pleieavdelinga svært slitt og ufunksjonell og svarar ikkje til dagens standard. Særskilt baderomma er upraktiske og små. Det manglar lagerplass og rom for å ha hjelpemidlar.

I 2007- 2008 vart deler av Nordliheimen oppgradert og den vart bygd ut med 9 nye senger, slik at talet på bebuarrom var 34. Seinare vart talet på plassar redusert til 28 plassar (ca. 2016) .

Ved utbygginga i 2007- 2008 vart kjøkkenet rehabilitert. Også avdeling Sørli fekk ein grundig oppgradering. I tillegg vart det bygd 2 bebuarrom i 1. etg. på Nordliheimen. Desse romma ligg vegg i vegg med heimesjukepleien og skulle ivaretakast av personalet i heimesjukepleien. Seinare er desse romma i bruk som kontor, då det er mangel på kontor på Nordliheimen.

I dag er det 28 plassar på Nordliheimen.

Behova for oppgradering gjeld heile institusjonen, men pleieavdelinga hastar mest.

Alarmanlegget er utgått på dato og er vedteken skifta ut som ein del av kommunens satsing på Omsorgsteknologi.

Nordliheimen har små og lite funksjonelle garderober, kor det er vanskeleg å ta smitteomsyn og for den einskilde tillsette å ha eit privatområde for skifte av tøy. Mange tilsette deler same garderobe og det er heller ikkje nok garderober til alle.

Vaskeriet treng å få meir areal til at det kan delast i ei rein og ei urein sone.

Ved ei samlokalisering av fysioterapitenesta utanfor Nordliheimen, kan noverande fysiolokale verta brukt til garderobeløysing.

Også delar av lokalet kan gje større plass til rein sone for vaskeriet.

Også større lokale for heimesjukepleien er påkrevd og er mogleg å få til ved denne løysinga.

Når vi veit at Austrheim kommune treng fleire plassar til personar med demens, bør det også takast omsyn til ved ei oppgradering.

Når vi får ein tilstandsrapport på bygget, kan vi vurdere arbeidet med oppdatering og endring av behov for framtida.

Vurdering og innstilling:

I samband med eldremeldinga som kjem i løpet av hausten 2021, ønsker helse og omsorgsavdelinga å starte opp eit forprosjekt med å sjå på behovet for rehabilitering av Nordliheimen.

Vi ønsker å gå ut med eit anbod for å få ein tilstandsrapport på bygget, slik at ein i arbeidet med eldremeldinga har ein status og ein plan for oppgradering og vedlikehald av Nordliheimen.

Kommunestyret vedtek at det kan starta eit arbeid med å lyse ut anbod på å få ein tilstandsrapport

på Nordliheimen.

Kommunestyret vedtek at firmaet som får anbudet kan gå i gang med å utarbeide ein rapport.

Kostnadstipulert til ca. 300 00- 400 00 kr. Inndekning vert gjort i kommunedirektøren si budsjettjustering hausten 2021.